

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/3862 - 15/6007

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

13.03.2015

## GODKJENNING AV MANGER FOLKEHØGSKULE

Manger folkehøgskule søkte om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular* i 2010. Skulen hadde mange manglar (bl.a. ikkje tilfredsstilande inneklima), og tilfredsstilte ikkje krava til godkjenning etter forskrifa.

Skulen har dei siste åra vore igjennom ei omfattande rehabilitering. Ventilasjonsanlegg er montert i samlege undervisningsrom, samt har både innvendige og utvendige flater vorte oppgradert.

Rehabiliteringa er nå ferdig og skulen søker om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular* (ref. 14/3862 – 15/6002).

Skulen består av fleire bygg.

### ➤ *Synfaring*

Den 14.01.15 vart det gjennomført ei synfaring ved skulen saman med Roald Orvedal og Knut Jordal frå Hordaland fylkeskommune, driftleiar Torbjørn Drivenes ved Manger folkehøgskule og Grethe Elin Mjelde frå Miljøretta helsevern.

Manger folkehøgskule har blitt betydeleg rehabilert og løysingar på mange bygningstekniske problem er løyst på ei god måte.

På tilsynet vart det ikkje avdekt avvik i høve til *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* med unntak av eit bygg , kalla Digitalen, som ikkje har universell utforming. Det er vanskeleg å tilretteleggje dette bygget for universell utforming, så ei omdisponering av lokalane må vurderast ved behov.

Manger folkehøgskule er berekna for ca. 60 - 70 elevar. Skulen har pr. d.d. 60 elevar og 28 tilsette.

Alder på elevane er frå ca. 18 år og oppover. Gjennomsnittleg alder er ca. 19 år. Eleven bur på skulen, og får alle måltider servert.

Skulen har ei spesiell undervisningsform, noko som medfører at det ikkje er vanleg klasseromsundervisning. Skulen har bemanning 24 timer i døgnet.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Teléfono +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Radøy kommune, vert Manger folkehøgskule godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.

Vurdering om godkjenning vert gjeve etter tilsyn den 14.01.15, og søknad motteke 12.03.15.

Dersom skulen vert flyttet eller endra utan at Radøy kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Med helsing

Marit Johnsen  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

**Om klage over vedtak:**

Etter forskriften § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Radøy kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern – Lindås kommune.

**Kopi til:**

Geir Rydland  
Jarle Landås  
Radøy kommune  
Roald Orvedal  
Knut Jordal